



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hilde Rasmussen Nilsen, 5557 2371

Vår dato
27.06.2014
Dykkar dato
11.04.2014

Vår referanse
2014/5195 712.0
Dykkar referanse

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Høyring - endringar i ekteskapslova og brudvigjingslova - Forslag til endring av ekteskapslova § 7h om ekteskapsattester, og forslag om å overføre oppgåver etter ekteskapslova og brudvigjingslova til fylkesmannen

Vi viser til departementet sitt brev av 11.04.2014. Fylkesmannen i Hordaland har følgjande innspel til forslaga:

Fylkesmannen i Hordaland er samd i forslaget om å gje unntak for kravet til dokumentasjon etter ekteskapslova § 7 bokstav i tilfelle der paret som ønskjer å gifte seg er gift med kvarandre etter utanlandsk rett, men ikkje etter norsk rett. Vi er samde i at det berre skal gjevast unntak når det er snakk om å inngå giftarmål med same person i Noreg. Vi er vidare samde i at det ikkje skal gjevast unntak om det er fare for tvangsgifte.

Fylkesmannen i Hordaland er også samd i forslaget om at kompetansen til å gje etterfølgjande godkjenning av ugyldige ekteskap vert delegert til eitt eller fleire fylkesmannsembeter, i staden for hjå BUF-dir og departementet som i dag.

Føresett at delegeringa vert vedteken, er vi samde med departementet i at Fylkesmannen i Oslo og Akershus er nærast til å ta denne oppgåva. Dersom departementet finn det naudsynt at fleire fylkesmannsembete delar oppgåva med å gje etterfølgjande godkjenning av ugyldige ekteskap, eventuelt at eit anna embete enn Oslo og Akershus bør gje etterfølgjande godkjenning av ugyldige ekteskap, er Fylkesmannen i Hordaland viljug til å ta på seg denne oppgåva.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikene
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

